

Ei vedkjennande kyrkje

Foredrag ved generalsekretær Olav Fykse Tveit i Mellomkyrkjeleg råd på Kyrkjemøtet i Bodø 15. november 2004

1. Å KJENNE VEDKJENNINGA I HANDA

Den norske kyrkja er ei vedkjennande kyrkje. Og vi er ikkje åleine om det. Lat meg byrje med eit nytt, lite avsnitt i saga vår som de kanskje ikkje har høyrte før. Tidleg på syttitalet fekk Mellomkyrkjeleg råd besøk av ein kvit sør-afrikanar med namnet Beyers Naude. Han var den kvite presten som måtte forlate kyrkja si fordi han forandra syn og sto opp mot apartheid, og som sidan vart ein av søylene i kampen mot raseskilleregimet. Han ba om norsk støtte til denne kampen, og 4000 kr frå Kirkens Nødhjelp vart det fyrste bidraget i 1971.

I september døydde han, mett av dage, i det nye Sør-Afrika. Gravferda var lada av minner om frigjeringskampen, men også av teikn på forsoning og håp. Ho var sendt direkte på sør-afrikansk TV frå den kyrkja i Johannesburg der Naude i 1963 tok av seg prestekjolen og gjekk, etter å ha preika om å lyde Gud meir enn menneske. I tillegg til familien var venene hans, presidenten, representantar for alle kyrkjene i Sør-Afrika og frå mange økumeniske partnarar der. Nelson Mandela sa i si helsing at Ohm Bey – onkel Bey - hadde hatt ein klår bodskap, *forankra* i si kristne tru, ei vedkjenning som hadde bidratt til å *forandre* Sør-Afrika, nemleg trua på "the one and united humanity", ein bodskap som framleis er like aktuell. Det kosta han trakassering og bannlysing.

Den norske kyrkja fekk delta i kampen mot apartheid. Dei drog oss med i fridomskampen, i økumeniske program mot rasisme, i diskusjonar om boikott. Og vi lærte lovsongane og bønene deira. Vi vart ein del av det økumeniske fellesskapet som støtta den vedkjennande kyrkja i Sør-Afrika. Eg hadde med helsing frå Den norske kyrkja og frå Det lutherske versforbundet til kona, Ilse. Ho ba meg helse og seie at støtta frå Noreg hadde betydd *så* mykje for Beyers og henne i alle desse åra. Det er viktig å ikkje undervurdere kva denne kontakten med Sør-Afrika har betydd for Den norske kyrkja si utvikling i desse åra, økumenisk, politisk, teologisk og åndeleg.

Han var lagd i den enklaste kista eg har sett, lagd av finer-plater og med hamptau til handtak, med eit sørafrikansk flagg og ei lilje frå familien oppå. Han sjølv ville at aska hans skulle bli spreidd i Alexandra, mellom dei fattigaste i Sør-Afrika. Minnet om han er no knytta til deira naud. Då eg vart beden om å bere båra hans inn i kyrkja saman med hans gamle vener, var det ei stor ære. Det var jo ikkje på grunn av meg, men eit teikn på at Den norske kyrkja og den norske staten (som gav mange pengar til antiapartheid formidla m.a. gjennom Trond Bakkevig personleg til Beyers Naude), hadde stått saman med dei. For meg vart det ei handfast oppleving av kva for ein samanheng vi står i når vi spør kva det er å vere ei vedkjennande kyrkje i dag. Trua på Kristus betydd mykje for den fromme Beyers Naude. Eg fekk på ein måte kjenne vedkjenninga hans lagt meg i handa. Tauet på kista vart som ein stafettpinne, og som eg heldt på vegner av oss som er her.

2. KAN EI VEDKJENNANDE KYRKJE OGSÅ VERE EI FOLKEKYRKJE? JA, TAKK, BEGGE DELER.

Ei vedkjennande folkekyrkje. Det er faktisk det som står i definisjonen av Den norske kyrkja. Då Kyrkjemøtet på fyrste halvdel av 90-talet fekk krav frå departementet om planar for målstyring, og difor føreslo ei målsetjing for Den norske kyrkja, prøvde ein å dra ulike linjer i norsk kyrkjedebatt saman. Er det to ulike kyrkjemodellar som står ved sida av kvarandre her: Både den opne folkekyrkja med vekt på å vere ei kyrkje for alle som brukar kyrkja ved livets store høgtider og markeringar, og ei vedkjenningskyrkje for dei som samlast regelmessig til gudsteneste og oftare vedkjenner seg si tru i kvardag og helg? Er den samansette visjonen vår eit uttrykk for at alle har fått litt havre til kvar sine kjepphestar, som ein så kan ri vidare på - kvar sin veg?

Målsetjinga kan lesast som eit kompromiss av Ole Brumm-typen: Ja, takk, begge deler. Etter mitt syn er det forsvarleg å seie ja, takk begge deler. Ikkje fordi ein ikkje maktar å velge mellom to linjer. Heller ikkje fordi det er laga ein definisjon vi synest pent nødt til å leve med. Men fordi dei to faktisk høyrer saman.

Orda "vedkjennande" og "folkekyrkje" kan verte meir enn kyrkjepolitiske markørar, slik som det skjedde då vi tok opp kva det er å vere ei "tenande" kyrkje i fjor. No må vi gjere "vedkjennande" til fellesgods. Og vi må sjå på korleis dette perspektivet på kyrkja belyser dei andre perspektiva: tenande, misjonerande og open folkekyrkje.

Forfattaren Dorothea Sayers skal ha spurt ein gong etter "a faith that men (and women) could be glad to believe". Ei tru menn og kvinner kunne vere glade for å stå for. Ho spurte ikkje etter ei lettvent livshaldning, men ei tru som kan bere i møte med livets mange realitetar, som tek både Gud og menneskelivet på alvor, både det gode og det syndige. Det er vel noko slikt som er oppgåva når ein talar om ei vedkjennande folkekyrkje.

Om ein skal følgje bibelsk biletbuk om kyrkja som ein bygning, er det avgjerande kva for grunnvoll kyrkja har. Og det var vel det ein meinte då ein førte inn ordet "vedkjennande". Vi har ikkje funne opp kyrkje eller kristendom. Vi står på mødrene og fedrene våre si tru. Denne trua er ikkje teken ut av lufta, men er ein reaksjon på kva den treeinige Gud er og har gjort og som det er vitna om det for oss gjennom det vi kallar Skrift og vedkjenning. Det er til denne Gud vi er døypte. Som medlemmer i ei folkekyrkje.

Kyrkjemøtet står i ein viktig historisk samanheng når det gjeld dette emnet, med sterke føringar frå det 20. hundreåret. Kyrkjemøtet er vel det viktigaste resultatet av reformrørsla som dreiv fram endringar som førte til meir kyrkjeleg sjølvstende, både nasjonalt og lokalt. Her har mottoet vore – som i tittelen til boka åt Andreas Aarflot: "La kirken være kirke!" Det er ei rørsla som har sine røter mellom anna i kyrkjekampen under krigen. Enno står ein del reformar att. I dag er utfordringa kanskje "Lat kyrkja vere éi kyrkje"; det vil seie å framstå med ordningar som legg til rette for samhald og felles ansvar lokalt, i prostiet, på bispedømmeplan, nasjonalt og mellom desse nivåa.

I krigsåra fann ulike grupper – frå Hope til Berggrav - saman som ei vedkjennande kyrkje i kamp mot nazismens overgrep. Ein tala om "den hellige samhørighet i kirken". Fellesskrivet "Kirkens grunn" (som særleg Torleiv Austad har gjort kjent i kyrkja i vår tid) – vart opplese påskedag 1942 på preikestolar i heile landet, og slik knytta ein kyrkjeleiinga som lagde skriftet og den lokale kampen saman. Eitt av dei mest originale avsnitta i dette vedkjenningskriftet er der ein nyttar ein folkekyrkje-ekklesiologi som argument: Foreldra som hadde døypt barna sine og forplikta dei til å oppdra dei i den kristne trua hadde rett til å nekte nazistisk oppseding. Dåpsopplæringa var altså eitt av dei sentrale punkta i dette

vedkjenningskriftet; dette gjaldt både vedkjenninga og folkekyrkja, det var "hele kirkens sak".

Då ein etter krigen meir eller mindre motvillig måtte halde fram med dei same gamle banda til staten som lovleg statsmakt, hadde ein sett noko tydeleg: Kyrkja har si eiga vedkjening, som prestane og biskopane er ordinerte på. "Staten er ikke kirke." Staten skulle "være tro mot kirkens karakter av bekjennende kirke." Sa "Kirkens grunn". At ein har kunna hatt ei sjølvstendig linje i kyrkjelege organ i etterkrigstida i aktuelle samfunnsspørsmål, uavhengig av kva Regjering og Storting meiner, byggjer på denne erkjenninga. Det er ikkje sjølvstendig, om ein ser til Danmark. Mellomkyrkjeleg råd der får mindre løyvingar når dei blandar seg i det regjeringa meiner er politiske spørsmål.

Om kyrkjeministeren etter Einar Førdes gode ideal skulle vere teologisk blind og dauv, kunne jo ikkje kyrkjelege leiarar og organ vere det. Den meir sjølvstendige folkekyrkja lokalt, på bispedømmeplan og nasjonalt har ei lære og er eit "trussamfunn" – eit anna sentralt ord i reformrørsla. Vi høyrer også i dette "vedkjennande" eit ekko av diskusjonen om vedkjenningsplikt for dei som sit i kyrkjelege råd. Den enda som kjent med at vedtaka, ikkje det einskilte medlem i råda, kan prøvast i høve til læra.

Det er ikkje nokon fasit på alle spørsmål som ligg og ventar på oss, korkje i fortida eller framtida. Men det er gjeve eit grunnlag i Skrifta, og eit oppdrag å tolke og bruke det i kyrkja som fellesskap. Difor er det viktig med ope og grundig arbeid om viktige spørsmål om, som t.d. om utforminga av diakontenesta i kyrkja.

Ein kan stundom få inntrykk av at det å vere ei open folkekyrkje er å seie ja til mangfald og ulike retningar, medan det å vere ei vedkjennande kyrkje er å seie nei til det nye og ukjende. Det ville vere historisk og teologisk misvisande. For det er jo nettopp på grunn av vedkjenninga at kyrkja skal vere open. Å følgje Jesus Kristus er å møte kvarandre slik han møtte menneske, ope og tydeleg. Kyrkja har ei open invitasjon til Guds opne famn. Det er jo det som *er* sentrum i vedkjenninga vår.

Dessutan er det ofte nettopp på grunnlag av vedkjenninga at ein har funne at ein kan vere open og seie "ja" til noko nytt, nye arbeidsformer i kyrkja, til ny forståing av kallet til einskap, til nye liturgiar, "ja" til rettferd og fred og til vern om livet. Men kyrkja har også vedkjent at noko har vore gale, som t.d. måten kyrkja har handsama det samiske folket og romanifolket på. Men under slike og andre "nei" ligg eit grunnleggjande "ja".

3. Å VEDKJENNE ER Å SEIE JA – TAKK

Å vere ei vedkjennande kyrkje er i djupaste forstand å seie "ja" - til Gud. Og dette "ja" er i sitt vesen ein takk. Vedkjening er orto-doksi, den rette tilbedinga. Fordi Gud fyrst vender seg til oss, svarar vi med vår vedkjening

På gresk er det særleg ordet *homologein*, på latin *confessere* (jf. *confession*, vedkjening), som er omset med "vedkjenne". Begge orda tyder å seie det same som, å slå fast det same. Som kven? Som apostlane, som den eine, heilage, katolske og apostolske kyrkja. Det er altså å gå inn i ei vedkjening *saman med* dei som har denne vedkjenninga. "Å vedkjenne" peikar på å kjennast ved, å identifisere seg med, å stå ved noko og å gå inn i fellesskap med. Med den treeinige Gud. Med kvarandre. Eller ein talar om "å sanne", å erkjenne kva som er sant (jf. liturgiens ord "sanne syndene våre").

Kyrkja rekkjer meg gjennom vedkjenninga ei form på den kristne trua som er bygd på dei fyrste vitne, på generasjonar sin kamp med tvil og vantru, ei tru som er prøvd i livet, ei tru som menneske før og no har vore viljuge til å døy for. Dette er ein kostbar skatt.

For vedkjenning har vore i sentrum frå den fyrste kyrkjedanninga. ”Du er Peter, og på dette berget vil eg byggje mi kyrkje.” Det er Jesu ord til den læresveinen som erklærte at Jesus var Messias, Guds Son (Matt 16,16ff). Sjølv dei fornektande og tvilande fekk Jesu oppdrag å vere døypande og lærande (Matt 28,16ff). Og sanneleg vart dei vedkjennande. Vi har høyrte om Peters lagnad. Lukas formulerer Jesu ord slik: ”Den som kjennest ved meg for menneska, skal han skal òg Menneskesonen kjennast ved for Guds englar.” (Luk 12, 8)

Det siste kapitlet av Johannesevangeliet gjer eit stort nummer av at fornektaren Peter vert teken inn att i flokken. Einskapen vert gjenoppretta ved svaret på spørsmålet: ”Elskar du meg?”. Kjærleikserklæringa ”du veit eg held av deg” er ei vedkjenning.. Vi minnest Jesu bøn: ”Eg i dei og du i meg, så dei skal vere fullkome eitt, så verda skal skjønna at du har sendt meg og at du har elska dei liksom du har elska meg.” (Joh 17,23)

I 1. Johannes brev finn vi temaet handsama overfor nye spørsmål i nye generasjonar. Korleis går det med den som er falle, evt. falle frå? Korleis skal ein møte naud og liding? Korleis skal ein møte den som - ut frå den tids heilt alminnelege religiøse logikk - nektar å godta at Gud er komen i kjøt og blod (1 Joh 4)?

Då handlar det om å tale sant om synda. Elles gjer ein Gud til ein løgnar. (1 Joh 1,8f) Vedkjenninga må bli tydeleg i handling: ”Den som let att hjarta sitt når han ser bror sin lida naud, korleis kan han ha Guds kjærleik i seg?” (1 Joh 3, 17) Dei fyrste kristne gjekk til dei stadene der Jesus hadde vore og vedkjente at her hadde Gud vore i kjøt og blod. Det er i responsen til denne Herre at det vert nokon som høyrer Herren til (jf. den greske rota til ordet ”kyrkje” - *kyriaké* = det som høyrer Herren til).

Vedkjenninga vart altså frå fyrste stund formulert på ulike vis etter kva spørsmålet til kyrkja var, om det var det jødiske spørsmålet etter Messias eller det greske spørsmålet om kven som er Herre, keisaren eller Kristus. Men svaret er i sak den same vedkjenninga, og innhaldet i vedkjenninga definerer vårt forhold til den treeinige Gud.

Det er *denne gjensidige kjærleikserklæringa – evangeliet og vårt felles ” ja” - som bind oss saman som kyrkje*. Det er det som ligg i det viktige utsagnet i den augsburgske vedkjenninga (CA) i artikkel 7: ”Til sann einskap i kyrkja er det nok å vere samd om evangelielæra og sakramentsforvaltninga.”. Denne evangelielæra –og tilsvarande vedkjenninga til Kristus – er som vi har sett - integrert i Skrifta. Vår lutherske lære får fram at dette er ein nøkkel til å forstå Skrifta.

I den såkalla Tunsbergsaka i 2000 handsama Lærenemnda nettopp kva denne artikkelen inneber. Ho gav ein prost rett i at ein prest må kunne kritisere ein biskop ut frå sitt samvit. Men det store fleirtalet gav ikkje prosten rett i at prost og biskop kan stå utan fellesskap ved nattverdbordet, heller ikkje gav ho han rett i at einskap i kyrkja er umogeleg om ein er ikkje samde i t.d. homofilispørsmålet. (”Selv om uenigheten i homofilispørsmålet utfordrer kirkens enhet, er det ikke grunnlag for å si at den aktuelle uenighet innebærer at den nødvendig enhet om evangeliets lære er opphørt.” *Tunsbergsaken*, Oslo 2000, s. 54). Ein kunne kome til å flytte fokus frå dei lutherske premissane for einskap i kyrkja.

Vedkjenninga fekk fast form i samband med *dåpen*. Truvekjenninga et eit ”troens ord” (jf. Tittelen på Oskar Skarsaune si bok om dei oldkyrkjelege vedkjenningane), som har lydd og lyder ved kvar dåp og gjer den til ein kristen dåp. Å vere ei vedkjennande kyrkje er meir enn å *ha* ei vedkjenning, i ei bok eller ei regle å remse opp. Det er å *vedkjenne seg* den Herre som vann over døden den fyrste påskedag. I oldkyrkja vaks trua på den treeinige Gud fram av

denne trua på Jesus som Kristus, Guds Son og fekk form i dei oldkykjelege vedkjenningane. Apostolikum og Nikenum har gått inn i gudstenesteliturgien. Athanasianum blir ikkje brukt på same vis. Det er denne trua som er stadfesta og tydeleggjort i den augsburgske vedkjenninga og i Luthers vesle katekisme. Det er også denne trua på den heilage treeininga som Rublov i det 15. hundreåret fyrst prøvde å framstille i det kjende ikonmotivet.

Gudstenesteleg vedkjenning og forklarande utlegging eller vern om denne vedkjenninga i ulike vedkjenningsskrift er to ulike nivå i vedkjenninga. Vedkjenninga høyrer primært til i gudstenesta. Innhaldet i denne vedkjenninga har vorte presisert når det har vore nødvendig.

Vi trur ikkje på vedkjenninga. Vi trur på den treeinige Gud. Vedkjenninga er ei kjærleikserklæring, og difor er det vesentleg kva innhald ho har, kva for ein Gud vi trur på. Difor er det også viktig kva bilete vi har av vedkjenninga. Ho er eit vern, men ikkje eit bur. Vedkjenninga er også eit vindauge vi kan opne, som gjev utsyn – til ein større røyndom. Vedkjenninga er ikkje eit våpen for å ta andre. Vedkjenninga er som eit beger, som vert løfta opp og samlar vår takk til Gud. Dei betinga og avklarande ”nei” i vedkjenninga kjem fyrst etter det grunnleggjande ”ja”. Ho gjeld ikkje berre når det er noko som er galt fatt.

”Vårherre i vårres verden” er mottoet for Sør Hålogaland i jubileumsåret. Det er eit knakande godt uttrykk for denne trua på den treeinige Gud. Det er Skaparen som alle må forholde seg til, som ofte går under namnet ”Vårherre”. ”Æ blir ikkje kvitt han”, som ein uttrykte det. Den krossfeste og oppstadne Kristus er Herre over synd og djevel og død. I vårres verden - det er Andens gjerning. Vedkjenninga fører til at det blir kyrkje. Som med Peter i bygdene ved Cæsarea Filipi, nord for Genesaret sjø. Som med Petter Dass her nord på Helgelandskysten: ”Du har blant oss din kirke, grunnfestet Herre kjær!” (NoS 529)

Dette er alle døypte si vedkjenning. Vi er ei vedkjennande *kyrkje*. Eit fellesskap av menneske som har ei trygg tru, eit fellesskap som også består av dei som måtte stotre på dette, som er meir tause, som ikkje veit om dei forstår alt. Og det kan jo vere gode grunnar til å innsjå at ein ikkje har forstått alt. Gode teologiske grunnar.

Å vere ei vedkjennande kyrkje er å seie dei to mest grunnleggjande orda i livet. ”Ja”. Og ”takk”. ”Ja” opnar oss for det som er meir enn vårt eige. Trua er eit ”ja”, ei open hand som tek i mot Guds nåde. ”Ja” er det einaste ordet vi som kyrkjemedlemmer seier høgt i kyrkja framfor andre menneske. Ved dåpen vert vi spurte og kan svare eit høgt ”ja” på at vi og våre barn vil knyte vår og deira identitet til den treeinige Gud.

Ei vedkjennande kyrkje takkar. Å takke er ein måte å sprengje sine eigne grenser på, det knyter det vi er og har til ein gjevar. Å takke er å hugse det gode, og det er jo det ei truvedkjenning er. Å minnast heldt oss fast i livet, i historia, i fellesskapet. Å bla i familiealbumet hjelper oss å sjå at livet er gitt oss i ein samanheng. Den kollektive takken, den kollektive feiringa i eit samfunn er viktig for at vi ikkje skal miste fotfeste, at vi ikkje skal gløyme kva verdiar vi byggjer på, at vi ikkje skal gå inn i hovmod eller likesæle.

Nattverden fekk i den fyrste kristne tida namnet *eukaristi*, takkseing. Den lange takkebøna ved nattverden har hatt preg av å vere ei vedkjenning – ei påminning av Guds skapar- og frelsesgjerning – ei forlenging av den takkebøna som høyrde til det jødiske påskemåltidet. Den som deltok der vart dregen inn i flokken av dei som vart berga i Egypt, gjennom Raudehavet og ut av ørkenen. I nattverden vert vi dregne inn i feiringa av det Kristus har gjort for oss.

Ei vedkjennande kyrkje er ei feirande kyrkje. Salmane i det gamle testamentet var viktige i feiringa i den gamle pakt. Biletforbudet gjorde at salmane vart viktige skildringar av Gud. Desse salmane har spelt ei avgjerande rolle i utviklinga også av den kristne trua og den kristne kyrkja. Sang og musikk er også for oss kanskje det mest levande uttrykk for vår takk til den

treeinige Gud. Alle som vil delta i livets fest og feire at dei har fått evig liv av den treeinige Gud, er velkomne til bords. Og hugs: Det var den heimeverande sonen som var vanskeleg å få til bords for å glede seg og slik gjenopprette fellesskapet med den bortkomne sonen! (Luk 15) Vi må ikkje overstresse invitasjonen eller overtude responsen slik at nattverden vert ein botsbenk eller eit premiebord som skal skilje dei ulike åndelege sosiale lag. Eg trur det er mogeleg at nattverden kan verte eit teikn på den glade tru i breidda i folkekyrkja sitt liv, og eg meiner vi ser at det skjer. Ikkje minst fordi barn deltek i nattverden.

I eukaristien ber vi fram brød og vin, Guds gåver og frukta av menneskets arbeid. I sanning verdig og rett er det å takke Gud, og vi får brød og vin tilbake som forvandla, som Guds nådige gåve til oss. Gjennom denne takken til Gud vert vårt liv forvandla.

Ei vedkjennande kyrkje er ei kyrkje som deler. Takk er meir enn å slå seg til ro med alt slik det er. Takken kan skape kritisk distanse slik at ein ser korleis det skulle ha vore, at ein ikkje tek det gode for sjølvst. Takken minner oss på det ufortente. Eit felles måltid er berre meiningsfullt om ein *deler* det som er på bordet. Jf. Paulus sitt oppgjær med dei som ikkje delte, som lagde skiljer mellom rike og fattige når kyrkjelyden kom saman for å feire Herrens måltid. *Dei* åt og drakk seg sjølv til doms, fordi ein kan ikkje gjere slikt når ein er samla om Herrens måltid (1 Kor 11). Difor vart også apartheid-teologien om at ulike rasar ikkje kunne dele Herrens måltid rett og slett det motsette av ei vedkjenning til Gud.

Vi vedkjenner også når vi går *frå* dette måltidet, i "liturgien etter liturgien". Den som deltek i kyrkja sin takkefest, er ikkje lenger for seg sjølv, men vorte del av eit fellesskap som er til for å dele. Den som deler brød, går Kristi ærend. I den opne, felles takk ser vi vårt liv som gitt av Guds hand. Gitt for at andre skal ha glede av det. Vi går ut i ei verd der ulik fordeling, fattigdom og svolt framleis er typisk. Og det er typisk for vår tid at skilnadane mellom rik og fattig aukar. I vårt arbeid med liturgireformane frametter bør dei aspekta eg her har teke fram få berande og varige uttrykk, ikkje berre som nyttige liturgiske byggeklossar.

I desse perspektiva vil eg også sjå *dei nye tiltaka for trusopplæringa* vi no har sett i gang. Trusopplæringa handlar om å bli kjent med historia, om det ein har å vere takknemleg for. Der ein får hjelp til å bla i Bibelen, kyrkja sitt familiealbum, der ein får vite at her høyrer ein til, i Vårherres verden, og i ei kyrkje som seier: Jesus vann og eg har vunne. Skal det vere ei vedkjennande folkekyrkje i framtida, må det vere nokon som også har glede av kyrkja si tru. Og då må dei kjenne denne trua. Kyrkja skal vere ei kyrkje for dei som skal leve, ikkje for dei døde. Det må få følgjer for kva kyrkja brukar ressursane sine på.

Det er framleis viktig med meir ressursar til dette. Men vi må også spørre etter innhaldet: Korleis blir barn og unge kjende med ei tru som hjelper dei til å sjå seg sjølve som verdifulle, skapte, frelste og trøysta av Gud, som hjelper dei til å ta ansvar for denne verda, ei tru dei kan vere glade for å tru?

Eg var fadder ein påskedag for ein konfirmant. Etter gudstenesta stod alle på kyrkjegarden og den døypte spelte sjølv trompet då vi sang "Påskemorgen slukker sorgen". Det var som om kyrkjelyden fekk ny blodtilførsel. Det er nokon som på eiga hand vel å gå inn i dette. Der eg bur, vel berre halvparten av kulla kyrkjeleg konfirmasjon. Eg trur at desse unge, opne, bevisste og leitande menneska, døypte og udøypte, peikar på ei framtid for kyrkja som ei vedkjennande kyrkje.

Eg synest vi har mykje å lære av den bevisste leit etter den kulturelle og religiøse historia som t.d. samisk kyrkjeliv er inne i. Kva gjer vi for å finne fram det vi har å vere glade for og stolte over i våre tradisjonar, og som vi vil gje vidare?

For det er ikkje alt som skaper like stor glede. Vi må høyre også at det er eit

4. JA, MEN!?

Det er ein blåtone i vårt arbeid med vedkjenninga. Det er ei historie med vedkjenningsskriftene som ikkje er berre lys. Det var lite evne til å la kyrkje vere kyrkje og politikk vere politikk under og etter reformatorisk tid. Det vart religionskrig. Westfalerfreden i 1648 etter tredveårskrigen la grunnlag for at det går an å leve med ulike syn ved sida av kvarandre. Danskekongen var i 1536 klok nok til å avgrense talet på vedkjenningsskrifter så det vart mindre å slåst om internt i riket. Til gjengjeld vart vedkjenninga i hundreåra etter brukt som eit middel til statskonfesjonalisme (berre lutheranarar fekk bu i riket, i alle fall ikkje utan vidare, andre kulturars religionar vart bekjempa), politisk-religiøs konfesjonalisme (annleis tenkjande slapp ikkje fram i det offentlege liv, jfr. konventikkelplakaten og krav om konfesjonell tilknytning for embetsmenn), majoritetskonfesjonalisme (gjendøyparar vart fordømte og forfylgde, dissentarar var fyrst ulovlege, sidan lovlege, men på eigne vilkår og ikkje som fullverdige medborgarar før seint i det 20. hundreåret) og lærekonfesjonalisme (der gamal og ny ortodoksi og pietisme har sett opp grenser som har vore så stramme at det spørst om det evangeliet ein ville verne, stundom vart uklart). Det finst mange sår. Det skal vi ikkje underslå når vi tek opp dette emnet i kyrkja i dag.

Luther vart ein fredlaus religionspolitisk flyktning, og gav premissar for ei anna utviklinga når han hevda at kyrkjas einaste middel er Ordet, og når han ville verne om einskildmennesket sitt samvit. Likevel vart det lite fridom. Synet for toleranse, demokrati og menneskerettar har vakse fram ved å lytte til kloke kvinner og menn, gamle og unge, og ikkje berre til hovdingar og leiarar i kyrkja, for å seie det slik. Det er difor all grunn til å vere varsam med dei absolutte avvisningar av nye tankar.

Eg vil heller ikkje underslå at kyrkja sine vedkjenningsskrift kan gjere menneske – også prestar - *forlegne* i møte med livets spørsmål og svar. Og dei meir eller mindre kjende spørsmåla frå den filosofiske religionskritikken, frå naturvitenskap, frå historikarar, frå feministar og andre ein har høyrte. Ein del brukbare svar har ein fått, ikkje alle like gode. Elles er det kanskje fleire enn meg som kan bli forlegne når det er tale om kyrkje og kristendom i debattprogram i media. Det kan også ha noko med korleis nokon framstiller kristendomen der. Mykje meir forlegen kan ein verte i møte med spørsmåla frå dei som har opplevd Holocaust eller annan grov urett og ulukke – og som kjem innpå oss i ei globalisert medieverd. Vi kan ikkje skyve dei eller spørsmåla deira frå oss: Kvar er Gud?

Slike spørsmål vil følgje oss og stundom plage oss. Mest prekært var det for meg etter eit halvt års presteteneste og eg vart i stuss om kva eg skulle svare på dei normale spørsmåla frå konfirmantane. Dei spurte jo mine spørsmål! Sjølv om eg for så vidt kunne svare, og hadde kome fram til ein del svar i studietida, plaga det meg. Så mykje at eg fann å konsultere ein av dei mange kloke og dyktige prestane vi har i kyrkja vår, ein av dei som vert rekna for å vere konservativ og som kallar seg vedkjenningstru. Der måtte det vel vere hjelp å få på korleis ein formulerer gode svar. Den kloke presten hørte tålmodig på problemstillingane. Han berre såg på meg og braut til slutt ut: "Så flott. Det er fantastisk at Gud arbeider slik med deg." Og det var det einaste han sa. Maken til arroganse. Gadd ikkje ein gong å svare på spørsmåla mine. I dag seier eg: Maken til klårsyn. Ingen forsøk på å forklare og gje meg det han meinte var dei rette svara på alle spørsmål. Nei, berre ei frimodig erklæring om at dette var eit teikn. Han kvalifiserte min tvil, mitt spørsmål etter Gud, som Guds verk?

Tanken om Gud har vorte trengt opp i hjørne eller sprekker i tilveret, og mange har ikkje funne Gud korkje her eller der. Sjølv om dei har leita. Om Descartes skal ha skulda for det, er ei anna sak. Han konkluderte med at "eg tvilar, altså er eg". Alt må etterprøvast. Den moderne

tenking og vitenskap kan oppfattast som ein motsetnad til ei vedkjennande kyrkje som heldt på gamle tekstar. Men Descartes har lært oss noko viktig. Vi skal ikkje late oss fortelje korleis livet er, berre fordi ein eller annan har ein sterk posisjon eller makt. Det har vist seg svært så nødvendig å stå på denne linja for å utvikle menneskerettane og demokratiet som motvekt til både det eine og det andre totalitære regime.

Men Descartes sa faktisk meir som er relevant for vårt emne. Det tenkjande "eg" er også plassert ein stad. Difor er eg ei - menneskeleg - avgrensing av det uendelege. Descartes seier at "eg har i meg ideen om det uendelege, før ideen om det avgrensa, det vil seie ideen om Gud før ideen om meg sjølv." "Korleis kunne eg tvile og lengte, om det ikkje var fordi eg hadde ideen om ein som er meir perfekt enn meg sjølv?" Dersom eg er min eigen opphavsmann og forfattar, så tvilar eg ikkje på noko og lengtar ikkje etter noko, då kan eg jo sjølv definere alt. Spørsmåla, tvilen, lengten og trua avviser den ideen at menneskeleg liv og tanke er lukka inn i seg sjølv. Den kristne vedkjenninga er ikkje ein logikk om det innlysande, det som er heilt avgrensa og nødvendig, men det som er meir enn det og peikar utover. Når vi talar om Gud peikar vi utover oss sjølve. Slik er det ein samanheng mellom den gode lengten etter det som er godt og Gud. Det svarar til Luther si forklaring på det fyrste bodet: "Ein Gud er det ein ventar seg alt godt av, og som ein tek si tilflukt til i all slags nød." (Store katekisma) Å tru er å setje si lit til noko meir enn det vi har definert. På denne bakgrunnen – meiner eg – er det vi må sjå kva det er å vedkjenne seg Gud.

Kanskje er vårt forlegne blick i ferd med å bli henta inn utanfrå. Spørsmåla etter Gud, etter religion, verdier og tru er i ferd med å kome på alle sine lepper. Det er mange som igjen spør interessert etter kva kyrkja verkeleg har å kome med. Dette året har media og film på ulike vis faktisk hatt dogmatiske emne på dagsordenen. Mel Gibson sin film om Kristi lidningar kan ein seie mykje om. Det vart hovudoppslag i magasina Time og i Der Spiegel kva Kristi død tyder. Årets bestselgar, "Da Vinci koden", vart med god grunn diskutert heftig, og det handlar m.a. om kyrkja sine symbol (og dermed om vedkjenning). No går det ein fim om Luther på norske kinoar. Tydelegare nærvær av andre religionar i Noreg har gjort at det er vorte mykje greiare å seie at ein er kristen. Det er ikkje ein tittel berre på nokre få.

Ein måte å kome ut over ein lukka samtale om vedkjenninga, er å gå inn i ein open og ansvarleg samtale med andre kyrkjer som lever i den same tradisjonen om Jesus frå Nazareth. Det er det vi gjer i det økumeniske arbeidet. Og det er mitt neste punkt:

5. ÉI VEDKJENNANDE KYRKJE

Vedkjenninga har fått ulike uttrykk. I den økumeniske rørsla har ein teke på alvor at kyrkjene av ymse grunnar har vorte ulike, men at dei likevel har noko felles fordi dei trur på den same treeinige Gud og lever av dei same kjeldene i Skrifta og dei oldkyrkjelege vedkjenningane. Ein har erkjent at den felles kyrkjelege Tradisjonen (med stor T) – og då tenkjer ein på hovudtankar i Skrifta, den kyrkjelege vedkjenninga, liturgien og sakramenta - lever og er integrert i dei mange ulike tradisjonar. Gjennom eit ope og ansvarleg møte mellom desse tradisjonane, der ein gjer greie for kva ein står for, kan ein bringe saman ein felles skatt av erkjenning og erfaring. Gjennom dette møtet kan dei ulike tradisjonane bli utfordra til å etterprøve det ein står for, om det er noko som treng supplement, om det er noko som treng korleksjon. Ein slik prosess vart gjennomført av KV frå 60-talet til 80-talet om dåp, nattverd og embete (Limadokumentet frå 1983). Der vart t.d. barnedøypande folkekyrkjer utfordra til å tenkje gjennom si opplæring av dei ein døyper, og dei vaksendøypande vart utfordra til å gå gjennom korleis dei får fram at barna lever under Guds beskyttande nåde.

Dersom vi trur at Anden verkar i kyrkja, er det spesielt løfterikt å arbeide med *den økumeniske samtalen*. Sjølv om han stundom er vanskeleg, fordi det også der er sterke interesser som står på spel. Men den metoden ein har utvikla er viktig: Å erkjenne at det finst ein kostbar, felles skatt, at ein må finne han i det som er ulikt, at det som er felles kan formulerast og at ein gjere kvarandre gjensidig forplikta på det utan at ein må verte like i eitt og alt. Å vere gjensidig ansvarlege overfor kvarandre er å stå ansvarleg overfor Gud og dei som skal ha glede av vedkjenninga. Utan innhaldet i den overleverte vedkjenninga vert ein lett offer for mange innfall og svermeriske idear. Utan den aktuelle samtalen om vedkjenninga vert vedkjenninga ein gamal tekst frå ei gamal tid.

Det er ikkje godt for noka kyrkje eller nokon kyrkjelyd (eller ”menighetslignende forsamlingar”) å vere isolerte og utan tilsyn og gjensidige forpliktingar. Å vere ein del av ei kyrkje eller den økumeniske rørsla er difor ikkje eit ekstra pluss ein kostar på seg – så vidt det er – men ein integrert del av det å vere ei vedkjennande kyrkje. Kyrkjemøtet understreka det då dei økumeniske dialogane vart handsama i tur og orden på slutten av 90-talet. Dialogane tolkar vedkjenninga i nye tider og opnar for felles erkjenning. Nettopp vår lutherske vedkjenning legg grunnlag for ein open og grundig samtale om lærespørsmål.

For å ta to av dei: Den mest radikale, men som har ført til minst konkret endring, er Joint Declaration – eller felleserklæringa om rettferdiggjeringsslæra mellom Det lutherske verdsforbundet og Vatikanet. Her kjem det klart til uttrykk både at det er berre Guds nåde som frelser menneske, og at denne Guds nåde verkar i oss kvar dag for at vi skal gjere Guds vilje i denne verda. Også avtalen mellom Den norske kyrkja og Metodistkyrkja i Noreg (Nådens fellesskap) byggjer på eit arbeid med forståinga av nåden: Nåden som Guds gåve som frigjer det bundne samvitet er det lutherske bidraget til samtalen. Nåden som ei kraft til å føre mennesket over frå elende til eit verdig liv, frå døden til livet, er metodismens bidrag. Saman kan vi tale om nåden som ei frigjerande kraft til å skape eit nådens fellesskap.

Det er svært viktig for den økumeniske dialogen å vise til at det finst felles uttrykk for vår tru. I Faith and Order (Kirkenes Verdensråd) sitt arbeid med å føre kyrkjene saman til ei felles truvedkjenning, valde ein å ta utgangspunkt i Nikenum, finne kva slags bibelske tekstar og tradisjonar som ligg bak formuleringane, og kva det inneber å tru dette i møtet med dei utfordringar vi står overfor i dag. Nokre av dei kyrkjene som ikkje har truvedkjenningar - t.d. i Noreg - erkjente også at det innhaldet Nikenum har, er bibelsk og dermed noko dei i prinsipp kan seie ja til. (Studiet vart omsett til norsk: ”Vi bekjenner den ene tro.”) I den messa som var skriva til kyrkjejubileet her i sommar skaper Nikeunum ein samanheng mellom den felles kristne trua og den nordnorske naturen, når det lyder: ”Ljos av ljøs.” Berre gled dykk til gudstenesta i kveld.

Slik ser vi at vedkjenninga er eit vindauge for oss, eit vindauge som er lyst nok og stort nok til at vi ser konturane av den treeinige Gud. I møte med andre kyrkjetradisjonar har vi sett at det er andre uttrykk enn skrivne vedkjenningstekstar som samanfattar evangeliet og trua. I den ortodokse tradisjonen har dei *ikon*, vindauge mot æva, teologi i fargar. Det er omvendt perspektiv, biletet utvidar seg bakover, den foten som er lengst frå oss er størst. Nettopp det kjende ikonet som framstiller dei himmelske gjestene som vitja Abraham i eikelunden i Mamre som treeininga, har vorte mykje brukt og blitt svært kjær for mange av oss. Dei to andre personane i den treeinige Gud er retta mot Faderen, som er til venstre for oss. Det er ikkje klart kva kjønn dei har. Dei lever i eit fellesskap der dei utfyller kvarandre, der dei peikar mot kvarandre, der dei inviterer oss inn til eit fellesskap med seg.

Ettersom evangeliet er ein god bodskap for alle, er ei vedkjennande kyrkje ei misjonerande kyrkje. Vi trur jo at evangeliet er sant. Det må gjerast kjent og gjeldande under alle slags tilhøve og for alle slags menneske, i ord og gjerning. Men det finst ikkje noko uttrykk for evangeliet som ikkje er historisk og kontekstuel bestemt. Det veit misjonærar mykje om. Det inneber også at vi må arbeide jamt og trutt med kva det inneber å ha denne vedkjenninga. Det

må vere rom i kyrkja for diskusjon, refleksjon, for å prøve ut den innsikta ein har kome til. Og alle må vere viljuge til å la seg prøve. Har vi gjeve kvarandre den fridomen som trengst?

Vi kan ikkje skulde på korkje Paulus eller kyrkjefedrene, Luther eller kven det måtte vere når vi utformar vår forståing og vår bruk av den kyrkjelege tradisjonen, og her tenkjer eg altså både på Skrift og vedkjenning. Det er *vi* som må stå til rette og vere ansvarlege for kva vi brukar tekstar, symbol, salmar, liturgiar, og andre uttrykk for vår lære til. Også kva vi *ikkje* brukar det til, om vi står og ser på urett og ufred og seier at det har vi ikkje mandat til å seie noko om. Difor treng vi eit fellesskap mellom kyrkjene og *i* vår kyrkje som er ope, ansvarleg, kritisk og forpliktande. Det er i eit slikt fellesskap vi kan håpe at vi klarar å høyre alle, og ikkje minst dei som har vorte ramma av kyrkja si handling i fortid og notid. Som ei vedkjennande kyrkje må vi alltid spørje: Kva har vi gjort med evangeliet for dei som treng det? Har evangeliet fått sette menneske fri?

6. JA OG NEI

Når vi seier ”ja” til Gud, seier vi også ja til Guds kamp mot det vonde, då seier vi også ”nei”. Utgangspunktet er ja, men nei er konsekvensen. Ved kvar dåp seier vi difor fram både forsakinga og trua. Ved kvar dåp talar kyrkja sant om mennesket og om Gud, som biskop Gunnar sa det så tydeleg for heile nasjonen då prinsesse Ingrid Alexandra skulle døypast.

Men det kunne vore betre balanse enn det vi har i dagens dåpsliturgi. Det kunne vore gjort tydelegare at det mennesket som skal døypast er skapt og elska av Gud. Eg forstår dei foreldre som reagerar, ikkje minst når 14-åringar skal døypast, at det ikkje er eit ord om verdien av deira Gud-skapte liv før dåpen.

Vi trur ikkje på djevelen og alt hans vesen, han som fremjar synd, død og vonløyse. For det er Gud vi trur på. Å tru er noko anna.

Heile tida og under alle vilkår finst kyrkja midt i det pulserande livet, der vi menneske får våre livsvilkår forma. Der naturen blir brukt og misbrukt. Det er der vedkjenninga høyrer heime. Det er difor ei oppgåve heile tida, kvar sundag og kvar kvardag, kvar stad å arbeide med kva vedkjenninga til den treeinige Gud tyder i den aktuelle situasjonen.

Det er å seie ”ja” til Guds nåde i Kristus. Og det er å ta krossen sin og følgje Kristus. Vi lever med ein religion som har krossen som symbol. Den vedkjennande kyrkja kan vere ei frimodig kyrkje. Men ho er ikkje ei triumferande kyrkje. Ofte må vedkjenninga stå der på trass av det ein ser. Slik vi igjen vart klar over det når ein del av oss var samla til strategikonferanse på Kjerringøy om kyrkja sin kamp for fred, rettferd og vern om skaparverket. Når menneskeliv vert truga av vald og terrorisme, når utnyttinga av jorda, ressursane og menneska skjer utan at dei som har makt gjer nok med det, i ei verd der dei store og mektige internasjonale selskapa styrer kva som er vilkåra for dei fattige i verda, når atomvåpen blir utvikla av stormakter og dei ikkje set alt inn for å hindre spreiding av desse våpna som ikkje kan skape nokon rettferdig fred, når smerte, stigmatisering og utestenging er vilkår for dei som er ramma av HIV/Aids. Når menneske ikkje har mat. Dess lengre lista vert, dess meir audmjuk vert ein.

Ein biskop i Malaysia som representant for ein minoritet i eit muslimsk land sa at dersom du ber kross rundt halsen fortel du to ting: Du syner at du er eit religiøst menneske, og difor har respekt for andre si tru. Og vidare at du er ein kristen, som vil vise nestekjærleik. Vi må ikkje misbruke krossmerket til å trakassere eller vise vanvørndnad for andre truande. Krossmerket skulle få oss til å kjempe mot all vald eller undertrykking på religiøse premissar, anten det er anti-semittisme, kristenforfylgning eller valdeleg islamofobi. Lidinga på krossen er over. Krossen seier: Aldri meir. Aldri meir skal kampen om Gud løysast med vald i ord eller

handling. Biskop Munib Younan i den lutherske kyrkja i Jerusalem seier at krossen gjer han til eit vitne for fred. Mot okkupasjon. Mot terror.

Vi vedkjenner for å takke Gud. Det er ein takk som lever med lengten etter at det som slått sund og sjukt skal bli heilt. Gud er meir enn ei "tilfreds-stilling" av våre behov. Gud er også den som skaper uro. For ingen ting har vi fått det, for ingen ting skal vi gje det vidare. Vi vedkjenner trua på Gud som metta dei svoltne med gode gåver og støyte stormenn ned, som det heiter i Marias lovsong. Vedkjenninga vert slik eit vindaug også til våre medmenneske. Vi vedkjenner ikkje trua berre for å *forankre* vårt liv og vårt fellesskap, men også for å *forandre*.

Ei vedkjennande kyrkje er difor ei kyrkje som står for si kjærleikserklæring til Gud og difor til medmenneske, og som det kan merkast står for dette. Overfor den enkelte og overfor fellesskapet. Difor er det også viktig at diakonien vert tydeleg i kyrkja sitt arbeid. Den vedkjennande kyrkja finn vi der menneske lovar Gud og der menneske tener Gud, når 20 møttest til å feire høgmesse på Fjørtoft eller når hundrevis møttest i Storsalens gudstenester i Staffeldtsgate, når den som er vorte åleine i ein utkant får besøk, eller når dei mange får kome på Bymisjonens Møtested i Skippergata bortanfor Kirkens Hus i Oslo.

Kyrkja må seie "nei" fordi ho seier "ja". I visse situasjonar vert dette tilspissa. Dei tydelege situasjonane kan kaste lys over dei mindre tydelege. Kyrkja må seie nei for å verne om sitt klare ja til Gud og medmennesket. Viktigare enn å klassifisere spørsmål som vedkjenningsspørsmål eller ikkje er det å arbeide med kva vedkjenninga til den treeinige Gud fører til. Å vedkjenne er å avleggje rekneskap for den vona ein har. Audmjukt, men tydeleg.

Eg kunne brukt mykje tid å tale om utfordringane til oss. Denne gongen trur eg mi oppgåve var å peike på samanhengen mellom vedkjenninga, takken, spørsmåla, lengten, og ansvaret. Så kan vi alle tenkje vidare på kva det skal innebere for kyrkja som

7. EIT TAKKENS FELLESSKAP

Til slutt, tilbake til Johannesburg. Biskop Tutu heldt ein glitrande tale om Naude og korleis Gud i sin humor hadde valgt han ut – som Gud gjorde med Paulus – til å overtyde nettopp sine eigne. Mot slutten av talen såg han for seg korleis Naude no var framme, og møtte dei som hadde gått føre han. Walter Sisulu, Moder Theresa, Martin Luther King og andre som hadde kjempa mot rasisme og forakt for Guds skapning. Og så Malaan, sa Tutu. Og det gjekk eit søkk gjennom forsamlinga. Malaan var den fyrste statsministeren etter at apartheidlovene var vedtekne i 1948. Her sat mange som var fengsla og torturte under det regimet. Tutu underslår ikkje noko om at Gud dømmer og gjenopprettar urett, det gale er gale, synd er synd. Og Gud dømer det i si rettferd. Samstundes uttrykkjer han kyrkja si vedkjenning om Guds uendelege og ufattelege nåde.

Så ser Tutu dei alle går for å møte Gud, stansar då dei ser han og Naude seier berre ein einaste setning. Tutu tek han opp att mange gonger:

“God, you are so good!” Gud, du er så god!

Det er den kristne vedkjenninga i fem ord. Det er ei tru menn og kvinner kan verte glade for å tru.

Ei vedkjennande kyrkje?

Ja.

Takk.